



Arkivnr: 2014/673-217

Saksbehandlar: Elizabeth Warren, Elisabeth Bjørsvik, David Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.03.2016

Prosjekt «Kulturminneplan i kommunane 2013-2016» (KIK) - Årsrapport 2015 og aktivitetsplan 2016

Samandrag

Satsingsprosjektet *Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016* (KIK) er no inn i sitt siste ordinære prosjektår. Prosjektplanen inneholder fire satsinger: a. kunnskap og kompetanse, b. samarbeid, c. kulturminneplanar, og d. dokumentasjon. Alle kommunane i Hordaland har, eller er i gong med ein kulturminneplan. Dette var ei hovudmålsetting i prosjektet, jf Fylkesutvalet sitt vedtak våren 2013 i sak 58/13. I denne saka er årsrapport 2015 vedlagt. I tillegg vert aktivitetsplan for 2016 presentert. Fordeling av tilskot for 2016 vert å komme attende til i aprilmøtet.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek til etterretning årsrapport 2015 og aktivitetsplan 2016, og ser at dei er i tråd med prosjektplanen for *Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016* (KIK).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst fylkesdirektør kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Prosjektplan
- 2 Årsrapport 2015

Fylkesrådmannen, 29.02.2016

Bakgrunn

Fylkesutvalet gjorde våren 2013 vedtak i sak 58/13 om at alle kommunar i Hordaland skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2015, og at kommunane sin kompetanse på fagområdet skal utviklast. Dette var ambisiøst sett i lys av at berre ni kommunar i Hordaland hadde vedteke slik plan. Den eldste var frå 1998 og moden for rullering, den nyaste vart vedteken i mai 2013. Målet er seinare endra til 2016.

Som eit av tiltaka i det nasjonale *Kunnskapsløftet* på kulturminneområdet har Riksantikvaren invitert fylkeskommunane til å utarbeide prosjekt for å utvikle lokal kulturminnekompotanse og styrke satsing på lokalt kulturminnevern. Riksantikvaren har løyvde midlar til styrking av kulturminnekompotansen i kommunane i Hordaland sidan 2012. Midiane frå Riksantikvaren er meint som delfinansiering for registrering og utarbeiding av kulturminneplanar og er også ei støtte til fylkeskommunen for å gjennomføre prosjektet.

For å skreddarsy og styrka satsinga har Hordaland fylkeskommune utarbeida prosjektet *Kulturminneplan i kommunane 2013-2016*, finansiert gjennom statleg løyving frå Riksantikvaren kombinert med fylkeskommunal og kommunal kompetanse og midlar. I Årsbudsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017 har Fylkestinget lagt inn årleg ramme på 1 mill. kr til formålet i tre år.

Prosjektet

«Kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016» (KIK) er eit prosjekt i regi av Hordaland fylkeskommune som arbeider for å auke kulturminnekompotansen i fylket. Fylkeskommunen, staten, kommunane, musea og frivillige samarbeider om lokale kulturminneplanar. Målet er å:

- styrka communal kulturminnekompotanse for å redusere tap av lokale kulturminne og bidra til at kommunane tek i bruk kulturminne som ressursar for oppleveling, kunnskap og verdiskaping
- betre samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane
- styrka alle kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar
- Leggje til rette for bruk av digitale kulturminneregister i kommunane

Satsinga starta i 2013, men det var først i 2014 at prosjektorganisering var på plass og fylkeskommunen hadde ressursar til å følgje opp. Kulturminneplanarbeidet er vel motteke og dei fleste kommunane er godt i gang. Erfaringar frå Hordaland og nasjonalt viser at kommunane treng tid for å få kulturminneplan arbeidet forankra i andre delar av kommunen si verksemeld og gjere det kjent blant innbyggjarane. Det er gjennom slike prosessar at:

- kommunen og innbyggjarar blir kjend med og få eigarskap til kulturminna
- kommunen og innbyggjarar kan peike ut kulturminne som kjennemerke for kommunen og som kan vera med å fortelje kommunen si historie.
- kulturminnekompotanse i fylket vert styrka.

Årsrapport 2015

Årsrapport 2015 skildrar aktivitetane gjennomført i regi av prosjektet i 2015. Fitjar, Sveio og Vaksdal har alle vedtatt kulturminneplaner i løpet av året. I tillegg har fleire kommunar starta opp arbeidet med kulturminneplan.

Hovudfokus i 2015 har vore å arrangere fire regionale samlingar. Deltakarane har inkludert representantar frå dei frivillige, kommunalt tilsette frå kultur, plan og landbruk, politikarar og tilsette frå musea. Verkstadane har vore på lokale møteplassar i regionen. Kommunane har presentert kulturminnearbeid i sin kommune med ein gjennomgang av status, spesielle kulturminne, utfordringar, medverknad og korleis fylkeskommunen kan bidra.

Eit anna stort tiltak var digitaliseringa av SEFRAK-arkivet (bygningar bygd før 1900), der skjema og biletar av over 40 000 objekt vart skanna og gjort tilgjengeleg for kommunetilsette i eit digitalt arkiv. SEFRAK er eit stort landdekkjande register med basisinformasjon om eldre bygningar og vert brukt i bl.a.

byggsakshandsaming. Grunnlagsarbeidet vart utført mellom 1975-1995. Ikke alle kommunar har tatt vare på sitt materiale. SEFRAK-arkivet i Hordaland er no gjort søkbart etter gards- og bruksnummer eller bygningsnummer og er tatt vare på for framtida.

Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei kartlegging av krigsminne i Hordaland i 2006 og 2007. I 2015 vart 700 av desse registrert inn i det nasjonale kulturminnedenes database, Askeladden og er tilgjengeleg for kommunane.

Fylkeskommunen har ein sentral plass i prosjektet gjennom tilrettelegging, invitere til kurs og verkstad, utarbeiding av samarbeidsmodellar, kunnskapsformidling og rådgjeving. I løpet av 2014 og 2015 har dei ulike sektorar i kommunane, historielag, frivillige, musea, Fylkesmannen, Riksantikvaren og fylkeskommunen samarbeidd, og prosjektet har gjennomført planlagde aktivitetar i dei fire satsingar:

1. Kunnskap og kompetanse
2. Samarbeid
3. Kulturminneplanar
4. Dokumentasjon

Planlagde aktivitetar i 2016

I 2016 skal alle kommunane som har starta arbeid med kulturminneplan følgjast opp. Det vert lagt til rette slik at dei skal kome så langt som mogleg i kulturminneplanarbeid før prosjektet vert avslutta. Samstundes er det viktig å ha ressursar til å følgje opp ut over prosjektperioden for dei som ikkje er heilt i mål innan utgangen av 2016. I tillegg til bistand til kvar enkelt kommune, er det planlagt fleire fellessamlingar.

Riksantikvaren gir også kurs og har eit tilbod til kommunane gjennom sitt utviklingsnett og satsing på lokale kulturminneplanar. Musea har og ulike tilbod til kommunane og grunneigar. Det er naturleg å samarbeid om desse.

Mars

- Rapport om nøkkeltal for kulturminneforvaltning i Hordaland utarbeidast
Ansvar: HFK (dokumentasjon)

April

- Samling for vestlandskommunane i Bergen - Askeladden og kulturminneplanar
Ansvar: Riksantikvaren og HFK (samarbeid)
- Seminar - Utviklingsnett – Kommune-Noreg og internasjonalt kulturminnearbeid i Bergen
Ansvar: Riksantikvaren (kunnskap og kompetanse)
- Seminar - Industriminner og stadsidentitet i Ytre Arna - Korleis er dei vestlandske industristadane bygd, og kvifor ser dei ut som dei gjer?
Ansvar: UiB, Museumssenteret i Hordaland, HFK, Bergen Kommune (samarbeid)

Mai

- Møte med Hardangerkommunane med fokus på kommunal sakshandsaming og kulturminne
Ansvar: HFK og kommunane (kulturminneplaner)

Juni

- Verkstad - Kulturminneplanar i Hordaland
Ansvar: HFK (kulturminneplaner)

September

- Skrivekurs - Tilskotsordningar og søknadsskriving
Ansvar: HFK (Kunnskap og kompetanse)
- Praktisk bygningsvern, Holme i Meland kommune – synfaring og diskusjonar
Ansvar: HFK og Museumssenteret i Hordaland (kunnskap og kompetanse)

November

- Fylkeskulturkonferansen 2016
Ansvar: HFK (samarbeid)
- Plannettverk i Bergen – Kulturminne og plan- og bygningslova
Ansvar: HFK – Fylkeskonservatoren i samarbeid med Planeksjonen (kunnskap og kompetanse)
- Kurs i Bergen - kulturminnedenes database og kart. Ansvar: HFK (kulturminneplan)